

STAVANGER SKOGLAG

STAVANGER, den

LOV
for
STAVANGER SKOGLAG

§ 1.

Laget sitt formål.

1. å reise skog på snaumark som høyrer Stavanger kommune til.
2. å verne planteskogane åt kommunen og å fremja voksteren der med grøfting og med tynning i rett tid.
3. å få arbeidt opp gangstiar og sol-opne plassar i høvelege skogholt, så dei kan nyttast til utferdsstader.

Laget kan også vera med på same slags verksemd i eigedomar tilhøyrande nabokommunar. Føresetnaden er då at nabokommunen eller nabokommunane er med og ber utlogene.

§ 2.

Årspengane for medlemene er 5 kroner, derav går 1 krone til Rogaland Skogselskap, som laget skal stå innmeldt i.
Livsvarige medlemer svarar minst 50 kroner ein gong for alle.

§ 3.

Laget skal ha eit styre på fem medlemer. Bygartnaren er sjølvskriven målsmann for kommunen. Dei andre fire styremedlemene med varamenn blir valde av årsmøtet, formannen ved serskilt val. Styret vel sjølv varaformann, tilset kasserar og avgjer kor stor godtgjersle han skal ha.

Laget vel to ettersynsmenn.

§ 4.

På årsmøtet, som vanleg skal haldast i januar, legg styret fram årsmelding og rekneskap. Budsjettforsalg og plan for arbeidet i det nye året skal like eins leggast fram.

§ 4. forts.

Dei pengemidlar laget elles får til rådvelde i året, kan styret bruke etter beste skjønn og til dei formål som er nemnde i § 1.

§ 5.

Styret sender framlegg til rådmann og ordførar om dei kommunale eigedomane som bør leggjast ut til plantemark, og søker om tilskot til plantearbeidet.

I samråd med skogtenestemennene i fylket set styret opp ein plan for planting og for skogstellet. Planting med skuleborn bør takast med i denne planen.

Får laget midlar til det, kan det hjelpe til med prydplanting innafor bygrensa.

§ 6.

Ny paragraf.

Vert laget oppløyst, skal den midelen det eig, gå til Stavanger kommune og nyttast til framhjelp av skogsaka.

Stavanger 14. mars 1996

Rett avskrift

Einar Berg